

# REGJERINGSADVOKATEN

Ugradert

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Deres ref  
19/1187

Vår ref  
2019-0660 EBA/EBA

Dato  
28.10.2019

## HØYRING – OPNING AV OMRÅDE FOR FORNYBAR ENERGI TIL HAVS - HAVENERGILOVA

Ein viser til høyring opna 2. juli 2019 og gir fråsegn. Regjeringsadvokaten har ikkje merknader til spørsmålet om opning av område. Ein har to konkrete merknader til einskilde punkt.

### ***Vedr. høyringsnotatet punkt 6***

Havenergilova (havel.) gjeld utanfor grunnlinjene. Dette følgjer av verkeområdet fastsett i § 1-2 andre avsnitt, jf. også Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 79. I lova § 1-2 sjuande avsnitt er det gitt heimel til å «utvide verkeområdet for einskilde føresegner i denne lova til indre farvatn».

I høyringsnotatet punkt 6 heiter det at forslaget «legg opp til at havenergilova også regulerer arealdisponering innanfor grunnlinja» (s. 11 nest siste avsnitt). Notatet skriv om ei utviding «av verkeområdet til havenergilova § 2-2» (s. 12 andre avsnitt). I utkastet § 1 andre avsnitt gjeld utvidinga lova «§ 2-2, kapittel 5-6 og kapittel 9-10».

Etter vårt syn står utsegnene i eit spenningsforhold til kvarandre. Det er vanskeleg å sjå i kva omfang havenergilova sakleg vert utvida til å gjelda innan grunnlinjene. Spenningsforholdet kan illustrerast med eit døme:

Så langt det gjeld føremålet med utvidinga, oppfattar me at dette dels er *det restriktive*, dvs. utelukka høve til å søkja konsesjon innanfor grunnlinjene før området er opna. Eit vilkår for å kunna opna området, er at det skal «utarbeidast konsekvensutgreiingar», jf. havel. § 2-2 andre avsnitt. Reglane om konsekvensutgreiingar står i havel. kap. 4. I lys av dette er uklart kvifor utkastet § 1 andre avsnitt ikkje viser til lova kap. 4.

### ***Vedrørende utkast til forskrift kap. 3***

I forskrifta kap. 3, utkastet § 13, er det gjort framlegg om nærare reglar for den nemnda som er omtala i havel. § 9-5. Ein forstår utkastet slik at § 13 omhandlar ei og berre ei nemnd.

## REGJERINGSADVOKATEN

Det er ytterlegare gjort framlegg om, utkastet § 14, ei klagenemnd. Havenergilova kap. 9 omtalar ikkje, og krever neppe at det vert oppretta, ei slik særskilt klagenemnd.

Det saklege verkeområdet for havel. § 9-1 er «[ø]konomisk tap som vert påført fiskarar». Dette er sivilrettslege skadebotkrav, og avgjerda vil neppe vera enkeltvedtak. Spørsmålet om ein skal opna for klage på denne typen vedtak, vert difor eit spørsmål om kva som er føremålstenleg.

Det er reglar i havel. § 9-2 tredje avsnitt om at *staten* kan krevja regress av konsesjonær. Det er ikkje klargjort i utkastet om statens regresskrav skal handsamast for nemnd.

I samband med vedtaking av ei slik forskrift, bør ein etter vårt syn vurdera regelen i havel. § 9-5 fjerde avsnitt. Regelen gir klageorganet høve til å gi saksøkjaren oppreising for fristoversitjing for søksmålsfristen i havel. § 9-5 andre avsnitt, og gir ytterlegare – ved *nekting* av oppfrisking – eit høve til å «anka» vedtaket inn for tingretten. Regelen verkar som ein anomali.

Til samanlikning viser ein til reglane i konkurranselova § 39, helsepersonellova § 71 og skatteforvaltningslova § 15-4. Etter vårt syn bør det vera ein noko lengre søksmålsfrist enn to månader, og reglane om eventuell *oppfrisking* bør følgja tvistelova, og krevjast overfor den domstolen som skal behandla saka.

Med helsing

**REGJERINGSADVOKATEN**



Erlend Baldersheim

advokat